



**Norddal kommune**

**2016 - 2020**

# Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Norddal kommune



Vedtøken i Norddal kommunestyre  
23.06.2016, revidert 17.04.2018

## **Innhald**

	<i>side</i>
1. Innleiing	2
2. Lovgrunnlaget for rusmiddelpolitikken	2
3. Definisjonar	3
4. Rusmiddelsituasjonen	4
5. Mål og strategiar for Norddal kommune sin rusmiddelpolitikk	5
6. Tiltak	7
7. Løyvepolitikken	7
8. Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve	8
9. Gebyr	10
10. Kontroll	11
11. Retningslinjer for brot på alkohollova	11
12. Delegering av ansvar	12

## 1. Innleiing

Dette er ei rullering av *Alkoholpolitisk og førebyggjande rusplan for Norddal kommune 2012-2016*. Planen vart vedteken i Norddal kommunestyre 31.05.2012.

Etter § 1-7d i alkohollova er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i fire-årsperioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningsliner for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem.

Planen skal vere retningsgivande både for administrasjonen ved førebuing av saker til politisk behandling, og ved tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Alkohollova har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruke kan medføre.

## 2. Lovgrunnlaget for rusmiddelpolitikken

Lovverket pålegg kommunen å løyse ei mengd oppgåver innan rusmiddelfeltet. Dei viktigaste lovene er:

- **Alkohollova**, *Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v., av 02.06.89*, med siste endring i 2016, regulerer all import og omsetnad av alkoholholdig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Føremålet med lova er i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsetjingane, og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt føremål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.
- **Helse- og omsorgstenestelova**, *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m., av 24.06.11*, stiller krav om at kommunen skal drive generell førebyggjande verksemd. Dette gjer ein ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, vise særleg merksemd til utviklingstrekk som skaper eller opprettheld sosiale problem, og søkje å førebyggje desse.
- **Folkehelselova**, *Lov om folkehelsearbeid, av 24.06.11*, har som formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til oppvekst og levekår, inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

## 3. Definisjonar

### 3.1 Definisjon av alkoholhaldig drikk

Alkoholhaldig drikk er etter alkohollova definert som fellesnemning for drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersreglane (for sal, skjenking og kjøp) også omfattar drikk mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.

- Alkoholfri drikk: drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 1: drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gruppe 3: drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol.

Sal, utlevering og skjenking av alkoholsvak drikk og alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 skal ikkje skje til personar under 18 år. Sal, utlevering og skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 skal ikkje skje til personar under 20 år, sjølv om vedkomande viser til skriftleg fullmakt frå føresette eller andre.

### 3.2. Rusmiddel – kva er det?

Tradisjonelt tenkjer vi ofte på alkohol når vi snakkar om rus og rusproblematikk, men rusmønster og type rusmiddel endrar seg med tida. Det er i hovudsak snakk om:

- *alkohol*
- *tobakk*
- *vanedannande medikament/legemiddel*
- *narkotiske stoff*
- *ulike løysemiddel*

### 3.3. Rusmisbruk - kva er det?

Dei fleste av oss vil ved bruk av ordet rusmisbrukar straks tenke på ein alkoholikar eller narkoman, men kven er eigentleg rusmisbrukaren? Kvar går skiljelinja mellom bruk og misbruk? Før eller sidan er vi alle brukarar av rusmiddel, men kor mykje kan ein ruse seg før ein kan kalle det misbruk? Dei fleste vil ikkje ha vanskar med å sjå skilnadane, og all bruk av illegale rusmiddel vil vi vanlegvis heller ikkje ha noko problem med å definere som rusmisbruk.

Rusmisbrukarar er like ulike som alle som ikkje misbrukar rusmiddel, og ofte kan ein ikkje sjå at ein person er rusmisbrukar. Det er difor svært vanskeleg å finne ein definisjon som forklarar kven rusmisbrukaren er, men ein brukbar definisjon kan vere denne:

“Rusmisbruker er en person som kommer opp i plagsomme situasjoner på grunn av sitt rusbruk, uten å gjøre noe med sitt rusmønster.” (*Kjell Dahl, Origosenteret, 02.09.1993*)

## 4. Rusmiddelsituasjonen

I følge Verdens Helseorganisasjon (WHO) er Europa den regionen som har det høgaste forbruket av alkohol og det høgaste skadenivået av alle versdelar. Alkohol er den tredje viktigaste årsaka til sjukdom og for tidleg død i Europaregionen, og den femte viktigaste årsaken globalt.


### 4.1. Rusmiddelsituasjonen nasjonalt

Folkehelseinstituttet, tidlegare SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning), sine statistikkar syner utviklinga av rusmiddelbruken i landet.

#### Alkohol

Det er viktig å merke seg at tala nedanfor gjeld registrert omsetning av alkohol inkludert lettøl. Det uregistrerte forbruket i form av heimeprodusert vare, turistimport og smuglarvarer er ikkje med.

**Den årlege omsetjinga av alkohol i Noreg, per innbyggjar som er 15 år og meir, målt i rein liter alkohol for perioden 1980-2014.**



Kjelde: <http://www.sirus.no/publikasjon/rusmidler-i-norge/2-alkohol/#toc9>

Figuren viser at totalomsetninga av alkohol pr innbyggjar 15 år og eldre, var relativt stabil fram til midten av 1990-talet. Etter det kom ei kraftig auke fram til 2008, sidan det har tala gått nedover slik at omsetjing i 2014 om lag er like stor som ho var i 1980. Vi kan sjå at det har vore ein sterk reduksjon i brennevin og auke i vin, medan øl er nokolunde stabil. Fordi tala er omrekna til rein alkohol har omsetjinga av liter vin auka mykje sidan volumprosent

alkohol er lågare. Forbruket av vin syner sterk auke med ei lita utjamning i 2014. Alkoholhaldige fruktdrikkar (rusbrus)har auka frå dei kom på marknaden i 1996, men utgjer ein svært liten del av det samla alkoholforbruket.

## 4.2. Rusmiddelsituasjonen lokalt

Det er så langt ikkje teke i bruk kartleggingsverktøy som kan gje ei systematisk skildring av rusmisbruket i Norddal kommune. Men det er ingen grunn til å tru at stoda i Norddal kommune skil seg spesielt frå landsgjennomsnittet.

I april 2013 gjennomførte Norddal ungdomsråd ei uformell ungdomsundersøking mellom elevane på ungdomssteget på skulane i Norddal. Dette var ein del av prosjektet Dugnad, som vart gjennomført i samarbeid med Kompetanseseter Rus Midtnorge. Resultatet viste at norddalsungdom i ungdomsskulealder i hovudsak hadde mindre erfaring med rus enn ungdom frå større stadar.

Det kom også fram at fleirtalet likar å drive med idrett eller anna fysisk aktivitet når dei skal ha det kjekt i lag. Ungdommane meinte mellom anna at rusfrie arrangement og føresette som gode førebilete og samtalepartar er viktig for å skape eit trygt og rusfritt ungdomsmiljø.

Det er planlagt gjennomføring av ungdomsundersøkinga Ungdata i 2016.

Norrdal har ikkje vidaregåande skule, og fleirtalet av ungdommane flyttar på hybel etter at dei er ferdig med ungdomsskulen. Difor har vi avgrensa oversikt over rusmiddelsituasjonen for denne aldresgruppa.

Også innan barnevern er rus ein problemfaktor i Norddal slik som i andre kommunar.

## 4.3 Omsetning av alkohol lokalt

Omsett liter alkohol på **skjenkestadar** i Norddal kommune 2010 – 2015:

År	Øl	Vin	Brennevin
2010	15 947	1 212	113
2011	15 782	1 280	103
2012	15 731	1 795	132
2013	15 242	2 169	140
2014	16 580	2 945	54
2015	14 198	5 436	172

Omsett liter alkohol på **salsstadar** i Norddal kommune 2010 – 2015:

År	Øl
2010	105 524
2011	105 753
2012	110 847
2013	116 494
2014	118 270
2015	104 930

## 4.4 Oversikt over sals- og skjenkeløve i Norddal fram til 30.06.2016

### Skjenkeløve i Norddal kommune pr mars 2016

Verksemd:	Øl	Vin	Brennevin
Fjellro Turisthotell	x	x	x
Petrines Gjestgiveri AS	x	x	x
Juvet Landskapshotell	x	x	x
Muritunet AS	x	x	
Kulå Bowling AS	x	x	
Jordbærstova	x	x	
Under Taket	x	x	
Melchiorgarden	x	x	
Solfjord	x	x	
Tafjordnaustet	x	x	
Olagarden, Tafjord	x	x	
ÅST v/Reindals seter Turisthytte	x	x	
ÅST v/Kaldhus seter Turisthytte	x	x	
<b>Til saman</b>	13	13	3

### Salsløve for øl i Norddal kommune pr mars 2016

Verksemd:	Øl
Coop Marknad, Eidsdal	x
Th. Ytterdal	x
Storås Handel	x
H.L. Muri AS	x
Alf Tafjord Landhandel	x
Tonga Gardsbryggeri frå 18.03.2016	x
<b>Til saman</b>	6

## 5. Mål og strategiar for Norddal kommune sin rusmiddelpolitikk

### 5.1 Hovudmål

- Informere og gjere innbyggjarane kjent med konsekvensar og skadeverknadar av alkoholmisbruk og bruk av andre rusmiddel.
- Utsette debutalderen for bruk av rusmiddel.
- Redusere totalforbruket av alkohol.
- Medverke til at alkohol vert omsett på ein forsvarleg og lovleg måte, gjennom kontroll og gode system.
- Nokre soner i livet og i samfunnet skal vere rusfrie, særleg område og tidspunkt der tilstellingar for barn, ungdom og familiar med barn er ei naturleg målgruppe for rekreasjon og sosialt samvær.

- Langing frå vaksne og eldre ungdomar skal ikkje finne stad.
- Bruk av narkotika skal vere ikkje-eksisterande eller avgrensa problem i kommunen, utan nyrekruttering.
- Kommunen skal ha eit kompetent og samordna hjelpeapparat for tidleg avdekking og god oppfylging og hjelp til misbrukarar, tidlegare misbrukarar og pårørande.

## 5.2 Strategiar

- Redusere alkoholforbruket gjennom aktivt haldningsskapande arbeid, informasjon og samordna førebyggjande tiltak.
- Skape forståing og innsikt for at vaksne sitt rusforbruk og haldningar til dette påverkar barn og unge.
- Ansvarleggjere barn og unge gjennom haldningsskapande arbeid og medråderett.
- Medverke til større sjølvtilitt blant barn og unge for å ruste dei til å ta sjølvstendige val og å meistre ulike livssituasjonar utan bruk av rusmiddel.
- Styrke forståinga for kor viktig alkoholfrie soner er for einskildmenneske og samfunn. Alkoholfrie soner vert definert til: arbeidslivet, under graviditet, ved idrett- og friluftsliv, under konflikhtar, i samvær med barn og unge, ved sorg og depresjonar, i skulen og i trafikken. Det skal særleg takast omsyn til barn og unge si deltaking.
- Regulere tilgangen til alkohol gjennom løyvepolitikken, og medverke til at løyvehavarane opptre ansvarleg og har god internkontroll for å sikre at regelverket vert fylgt til ei kvar tid.
- Avdekke misbruk så tidleg som råd, utvikle samordna og forpliktande oppfylging og iverksetting av hjelpetiltak i tett samarbeid med spesialisthelsetenesta.

## 6. Tiltak

Det vert i denne planen ikkje utarbeidd spesifikk tiltak i høve barn og unge, men vist til Kulturplan 2016 – 2020 som inneheld slike tiltak. Kulturplanen har tatt opp i seg det som tidlegare heitte Byggjande plan for barn og unge 2013 – 2016.

## 7. Løyvepolitikken

Føremålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol vert omsett på lovleg vis, i tillegg til å regulere tilgangen. Kommunen sine oppgåver etter alkohollova av 2. juni 1989, med seinare endringar, har som føremål i størst mogleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkohol kan medføre.

Løyvetildeling skal vere i tråd med gitte statlege og kommunale retningsliner. Retningslinene for reaksjonar vert å nytte aktivt ved brot på alkohollova sine reglar og/eller reglar i skatte, avgifts- og rekneskapslova.



## 8. Retningslinjer for av sals- og skjenkeløyve

### 8.1 Søknad om løyve

- Alkoholpolitisk handlingsplan skal gi retningslinjer for Norddal kommune sin alkoholpolitikk i perioden 2016-2020. Handlingsplanen skal rullerast kvart fjerde år.
- Løyveperioden vert sett til fire år av gongen og skal fylgje kommunestyreperioden. For at kvart nytt kommunestyre skal få tid til å ta stilling til og vedta rusmiddelpolitisk handlingsplan for løyveperioden, gjeld tildelt løyve fram til 30.09. i året etter at eit nytt kommunestyre er etablert.
- Søkjar må nytte elektronisk søknadsskjema for løyve i Norddal kommune.
- Alle søknadar vert vurdert individuelt og skjønnsmessig med utgangspunkt i alkohollova og dei kommunale retningslinjene for løyvetildeling.
- Uttale frå politiet vert innhenta før administrasjonen førebur søknad for politisk behandling. Kommunen kan også innhente uttale vedkomande skatt og avgifter, og frå andre etatar og organisasjonar.
- Sals- og skjenkeløyver skal kunne nektast på følgjande grunnlag:
  - ved negativ uttale frå politiet om søkjar sin vandel når tilhøvet er knytt til alkohollova, eller anna lovgjevnad som har samanheng med alkohollova sitt føremål.
  - ved negativ uttale om vandel i høve til den lovgjevnaden som gjeld skattar og avgifter.
- Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søkjar er i stand til å ha sals- og/eller skjenkeløyve. Det kan takast omsyn til eventuell tidlegare dårleg erfaring med søkjar si utøving av løyve, til dømes i form av:
  - brot på vilkåra for løyvet
  - brot på skjenke- eller aldersgrensene
  - endring av driftskonsept utan godkjenning
  - klandreverdige ordenstillhøve ved skjenkestaden
  - brot på reklamereglane
  - manglande dokumentasjon av internkontroll
  - manglande rapportering av omsetnad innanfor gjeldande fristar
- Skjenkestaden si plassering, storleik og utforming, samt målgruppa for verksemda skal vektleggjast ved tildeling av løyve. Vidare kan eventuell negativ erfaring med tidlegare driftsform, eigna storleik på lokala, og trafikale og ordensmessige problem og omsyn til lokalmiljøet elles, vektleggjast.
- Både sals- og skjenkeløyve vert tildelt for eit særskilt driftskonsept og er knytt til definert lokale og eigartilhøve (den eller dei som til ei kvar tid eig verksemda). Dersom det skjer vesentlege endringar på eit av desse punkta, er løyvehavar pliktig å søkje ny

godkjenning. Det er løyvemyndet som avgjer om endringa er vesentleg.

- Det er ikkje lov å utøve eit løyve utan at styrar og avløyser kan dokumentere at dei har greidd kunnskapsprøva etter alkohollova.
- Det er eit krav at personalet som arbeider med sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk er edru når dei er på arbeid.

## 8.2. Skjenkeløyve

- Det vert i perioden 2016 – 2020 ikkje tak på talet på skjenkeløyve.
- Det er ein føresetnad at skjenkestaden har gyldig serveringsløyve med godkjenning frå mattilsynet.
- Det skal leggast vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles ved tildeling av løyve.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til bensinstasjon, kiosk eller gatekjøkken.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kafeteria i ope butikklokale (må i tilfelle vere fysisk skilt med eigen inngang).
- Sals- og skjenkegebyra skal jf. kommunestyrevedtak vere øyremerka rusførebyggande tiltak for barn og unge i kommunen.

## 8.3. Verksemdar som kan få skjenkeløyve

- Hotell/overnattingsstadar  
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkohol og løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir.
- Restaurantar  
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkohol.
- Pubar  
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkohol.
- Uteservering  
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk med inntil 22 volumprosent alkohol.

*Med hotell/overnattingsstadar meiner ein verksemdar som har enkle og doble rom med minimum 20 sengeplassar, eksklusiv utleigehytter og tilsvarande. Dette med bakgrunn i at ein ynskjer eit visst standardnivå, og oppfattar overnattings- og serveringsverksemd med denne storleiken som ein viss garanti for slik standard.*

## 8.4. Skjenketider for alkoholhaldig drikk

- Hotell/overnattingsstadar      Skjenking skal vere avslutta seinast kl. 02.00  
Skjenking av brennevin skal vere avslutta kl. 01.00
- Restaurantar                      Skjenking skal vere avslutta seinast kl. 02.00
- Pubar                                      Skjenking skal vere avslutta seinast kl. 02.00
- Uteservering                        Skjenking skal vere avslutta seinast kl. 24.00

*Konsum av "utskjenka" alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter skjenketida er avslutta. Stengetida til bevertningsstadene vert som hovudregel sett til 30 minutt etter skjenketida sitt utløp, dvs. kl. 02.30, for uteservering vert det kl 00.30.*

## **8.5. Retningslinjer for salsløyve**

- Norddal kommune tillet sal av alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol i daglegvarebutikkar.
- Det er ein føresetnad at utsalsstaden er registrert hos Mattilsynet.
- Salstida for alkoholhaldig drikk vert sett som følgjer:  
Kvardagar                    I opningstida til salsstaden, men ikkje lenger enn til kl 20.00  
Dagar før søn- og heilagdaggar    kl. 09.00 – 18.00 (unntatt dag før Kr. Himmelfartsdag)
- Sal av alkoholhaldig drikk er ikkje tillate på søndagar og heilagdaggar, 1. og 17. mai og på valdagen for stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval.
- Det vert lagt stor vekt på at søkjar har gode rutinar rundt salet når det gjeld aldersgrense på kjøpar og seljar, kontroll med salet, opplæring av tilsette og handheving av regelverket for sal av øl og rusbrus.
- Det er eit krav at det er eit fysisk klart skilje mellom drikk med og utan alkohol.
- Det er eit krav at butikken har variert utval av alkoholsvake drikkevarer.
- Det vert lagt vekt på korleis søkjar kan sikre at alkoholhaldig drikk ikkje er tilgjengleg for forbrukar utanom kommunen sine vedtekne salstider for alkohol.

## **8.6 Andre løyve**

Søknad om ambulerande løyve, løyve for eit enkelthøve og utvida løyve er saker som blir behandla etter gjeldande plan og lovverk og er delegert til rådmannen.

## **9. Gebyr**

Alle som får sals- og skjenkeløyve skal betale avgift for løyvet. Avgift for ordinær sals- og skjenkeløyve følgjer statleg forskrift til alkohollova og vert fastsett i høve vareliter for ulik type alkoholhaldig drikk. Norddal kommune krev at løyvehavar innan fastsett frist leverer revisorattestert oversikt over volum alkoholhaldig drikk som er selt eller skjenka siste år, med spesifisert tal på liter alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Vert ikkje slik dokumentasjon levert til rett tid vert avgifta skjønsmessig fastsett. Om bestemt avgift ikkje vert betalt innan tre veker etter at krav sendt ut, kan løyvet verte inndrege til betaling skjer.

Gebysats for ambulerande løyve følgjer forskrifta til alkohollova, for tida kr 340 pr. gong. Gebysats for løyve til enkelthøve vert sett til kr 1000 pr. gong. Dette gjeld arrangement for ein dag/kveld eller utviding av eksisterande skjenkeareal.

## 10. Kontroll

- Kontroll med sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje i medhald av alkohollova sine forskrifter og egne retningslinjer for sals- og skjenkekontroll.
- Den praktiske utføringa av kontroll med sal og skjenkeløyve i Norddal vert utført av innleigd kontrollsekskap. Ny utlysing av anbod frå 01.07.2016 vil bli gjort gjennom innkjøpssamarbeidet i eKommune.
- Det skal vere kontroll så ofte som behovet tilseier. Kvar stad med fast skjenkeløyve skal kontrollerast minst ein gong årleg. Det skal utførast tre gongar så mange kontrollar som det er løyve i kommunen.
- Ved melding frå kontrolløren om brot på alkohollova m.m., skal administrasjonen i kommunen snarast råd legge fram sak for formannskapet med framlegg om straffereaksjon/sanksjon.
- Administrasjonen sitt framlegg til straffereaksjon/sanksjon vert sendt løyvehavar som eit skriftleg varsel om kva som vert tilrådd. Løyvehavar har tre vekers frist til å kome med sitt syn på saka.
- Administrasjonen skal kvart år lage årsmelding for arbeidet, som skal innehalde oversikt over tal på kontrollar og type vedtak som er fatta og informasjon om utvikling, eventuelle problemområde og anna.

## 11. Retningslinjer for brot på alkohollova

Ved brot på alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt føremål, eller reglar i skatte- avgifts- og rekneskapsreglar, kan fylgjande moment verte vektlagt:

- kva slags brot
- kor grovt brotet er
- om løyvehavar kan verte klandra
- om tidlegare praktisering av løyve

Reaksjonar ved brot kan vere:

- gje råd og rettleiing
- gje skriftleg åtvaring
- prikktildeing
- inndra løyvet for ein bestemt periode
- inndra løyvet for resten av løyveperioden

*Frå 01.01.2016 er det innført standardiserte reaksjonar for ulike typar brot. Alkoholforskrifta § 10-3 har opplisting over brot og kva prikktildeing dette kan medføre. Eit brot tilsvarar 1-8 prikkar. Det kan føreligge formildande og skjerpande omstende for eit brot. Dersom løyvehavar blir tildelt 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet inndragast for ei veke.*

Alle brot av alkohollovgjevinga med tilhøyrande forskrifter kan gje grunnlag for inndraging av løyve. Det er ikkje noko krav at brotet skal ha vart over tid eller at løyvehavar har fått åtvaring først. Inndraging av løyve for ein periode må stå i høve til brotet sin art.

**Brot som vert vurdert som spesielt alvorlege:**

- sal og skjenking til mindreårige
- overskjenking
- brot på sals- og skjenketida
- aldersgrensa til dei som sel eller skjenker ikkje vert fylgt
- skjenking utanfor godkjent skjenkeareal
- brot på reklamereglane

Vilkåra for å få tildelt løyve skal vere oppfylt heile løyveperioden, brot på vilkåra kan medføre inndraging av løyve.

Inndraging av løyve kan skje om løyvehavar ikkje har god vandel i høve skatt og avgifter (til dømes manglande innsending av sjølvmelding eller mangelfull rekneskapsføring, manglande oppgåver/ innsending av meirverdiavgift eller skattetrekk.

Løyve kan bli inndrege om pålagt avgift ikkje vert betalt.

Løyve som ikkje har vore nytta dei siste 12 månader kan verte inndrege.

## 12. Delegering av ansvar

Rusmiddelpolitisk handlingsplan vert behandla av kommunestyret.

Type avgjerd	Avgjerdsmynde
Tildeling av ordinære sal- og skjenkeløyve	Kommunestyret
Inndraging av løyve, jf. alkohollova §1-8	Formannskapet
Permanent endring av skjenkeløyve/verksemd	Formannskapet
Godkjenne endring av styrar og/eller vara for styrar	Formannskapet
Prikktildeling og inndraging av løyve, jf. alkoholforskrifta §10-2 til §10-6	Formannskapet
Inndraging av løyve som ikkje har vore nytta siste året	Rådmannen
Utviding av skjenkelokale eller skjenketid for eit enkelt høve	Rådmannen
Tildeling av ambulerande løyve eller skjenkeløyve ved enkelthøve	Rådmannen
Serveringsløyve	Rådmannen